



Deloitte AS

Dato: 22.11.2016
Vår ref.: 2016/11222-4
Dykkar ref.:

Partsbrev - Selskapskontroll av Bybanen AS - Forslag til prosjektplan

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.11.2016

Handsaming i møtet

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo frå Deloitte presenterte forslag til prosjektplan og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke. Det betyr at slutten av punkt 1 og heile punkt 2 i forslag til vedtak utgår i endeleg vedtak.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll av Bybanen AS frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal, inkludert opsjon på eventuell bruk av spørjeundersøking, som ligg i forslag til prosjektplan.
3. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 8 timar.
4. Det er ønskjeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til fylkesrådmannen og selskapet, ber om at dei også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 30.6.2017, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og selskapet sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.